



Tysnes Kraftlag SA vart stifta 1946 som eit selskap med skiftande kapital og avgrensa ansvar. Selskapet sitt hovudvirkefelt er drift, vedlikehald og nybygging av fordelingsnettet i Tysnes kommune samt kraftlevering til sluttbrukar. Tysnes Kraftlag leverer og breibandstilknytning til kundar via fibernett og radio. Dette nettet vert leigd ut til Tysnes Breiband AS og andre som ynskjer å leige fibernett. Tysnes Kraftlag er majoritetseigar i Tysnes Breiband AS og har eigarpost i konsernet SKL AS. Kraftlaget har kontor og lager i Våge.

Kontormedarbeidar

Vi ynskjer no å styrke organisasjonen innan kontorlag.

Arbeidsoppgåver

Tysnes Kraftlag har kontoroppgåver som spenn over eit stort spekter frå økonomi til teknisk dokumentasjon, krafthandtering og kundehandsaming.

Vi ynskjer no å tilsetje allsidig kontormedarbeidar med interesse for arbeid innan energisektoren med hovudvekt på berekraftig utvikling av selskapet i lokalsamfunnet.

Kvalifikasjonar

Vår føretrekte kandidat har relevant utdanning innan kontorlag. I tillegg vil det verta lagt vekt på relevant erfaring og god kunnskap innan data.

Vi legg også vekt på evne til samarbeid og å arbeide strukturert mot eit godt produkt for kunde og selskap, samt høvisk framferd.

Tysnes Kraftlag kan tilby

Utfordrande arbeidsoppgåver og godt miljø.

Teamarbeid

Fleksibel arbeidstid

Pensjonsordning i KLP

Tilsetjing

Stillinga kan tiltredast etter avtale.

Vi oppfordrar både kvinner og menn til å søkje.

Nærare opplysingar kan ein få ved å venda seg til dagleg leiar

Steinar Austefjord på tlf 53 43 00 62 mobil 915 32 509

e-post steinar.austefjord@tysnes-kraftlag.no

Skriftleg søknad vert å senda til

e-post steinar.austefjord@tysnes-kraftlag.no

innan 27.08.2010

